



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 40 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Pensjonar frå statskassa

*Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet 20. mars 2026,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

Etter Grunnlova § 75 bokstav i kan Stortinget mellom anna innvilge pensjonar frå statskassa.

I samband med søknader om pensjonar frå statskassa er departementet gitt fullmakt til fortløpande å ta stilling til søknader om pensjon, med atterhald om Stortingets endelege godkjenning. I proposisjonen her blir det lagt fram ei liste over pensjonar som departementet mellombels har innvilga i 2025, og som departementet no ber om Stortingets endelege godkjenning av.

Ei omtale av ordninga med pensjonar av statskassa og om dei pensjonane som denne proposisjonen gjeld, er gitt i punkt 2.

I 2025 blei det utbetalt 16 418 197 kroner i pensjon av statskassa. I statsbudsjettet for 2026 er det løyvt 18 000 000 kroner på kapittel 611 Pensjonar frå statskassa.

2 Omtale av ordninga

Pensjon frå statskassa er ikkje ei pensjonsordning i vanleg forstand med opptening gjennom medlemskap. Det er ei særordning som gir Stortinget høve til, ut frå ei vurdering av om det er rimeleg, å gi ei pensjonsyting til personar som ikkje har kunna tene opp pensjonsrettar på vanleg måte. Pensjonen byggjer ikkje på rettskrav, lov eller forskrift, og han blir gjerne omtala som gåvепensjon.

Proposisjonen no gjeld lokalt tilsette ved norske utanriksstasjonar. Namna deira er i proposisjonen erstatta med enten kvinne eller mann av personvernomsyn. Tenestestaden er òg tatt ut. Om ønskeleg kan Stortinget få tilsendt lista over namna og tenestestaden deira. Dei lokalt tilsette er i hovudsak sjølv borgarar i landet der dei arbeider.

I følgje utanriksinstruksen skal lokalt tilsette ved norske utanriksstasjonar sikrast gjennom lokale trygde- og forsikringsordningar: «*lønns- og arbeidsbetingelser skal nedfelles i en arbeidskontrakt som skal være i samsvar med tjenestelandets lover og regler. Lokalt ansatte skal sikres gjennom adekvate lokale trygde- og forsikringsordninger.*»

Dei aller fleste lokalt tilsette er i dag omfatta av lokale ordningar. I nokre tilfelle kan det likevel hende at det ikkje finst lokale ordningar, eller at dei aktuelle ordningane ikkje sikrar dei tilsette tilstrekkeleg økonomisk. Tilhøva i tenestelandet, til dømes politisk uro, høg inflasjon og stor uvisse med omsyn til bank- og forsikringsordningar, kan òg føre til at vedkomande ikkje får den ytinga som han eller ho har opparbeidd seg rett til ved alderdom, uførleik eller tap av forsørgjar. I ein slik situasjon kan utanriksstasjonen søkje om pensjon frå statskassa på vegne av vedkomande.

Eventuell yting frå lokal pensjonsordning skal kome til frådrag i pensjonen frå statskassa. Lokale ytingar som blir utbetala månadleg, blir i hovudsak samordna som pensjonar frå norsk offentleg

tenestepensjonsordning. I staden for månadlege utbetalingar, er det i nokre land vanleg at pensjonen blir betalt ut som eit eingongsbeløp ved pensjonering. Slike ytingar kjem til frådrag i pensjonen ved at tidspunktet for utbetaling av pensjon blir utsett.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om pensjonar frå statskassa.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om pensjonar frå statskassa i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om pensjonar frå statskassa

I

Opplysningar om søker						Pensjon
Nr.	Kjønn	Alder ved avskjeden (for etterlatne, noverande alder)	Vedteke	Pr. mnd.	Gitt frå	Merknad
<i>Utanriksdepartementet</i>						
1.	mann	58 år	13.03.2025	1 234	01.03.2023	
2.	mann	60 år	13.03.2025	923	01.12.2026	
3.	mann	60 år	04.07.2025	3 783	01.05.2025	
4.	mann	60 år	04.07.2025	7 444	01.01.2028	
5.	mann	65 år	20.11.2025	3 710	01.10.2023	
6.	mann	62 år	21.11.2025	5 061	01.08.2026	
7.	mann	65 år	21.11.2025	9 362	01.01.2024	
8.	kvinne	60 år	01.12.2025	2 140	01.10.2025	
9.	mann	62 år	09.12.2025	595	01.05.2026	
10.	kvinne	60 år	19.12.2025	786	01.07.2025	Etterlatnepensjon
11.	kvinne	60 år	19.12.2025	2 321	01.07.2026	
12.	mann	84 år	19.12.2025	2 206	01.09.2025	Etterlatnepensjon
13.	kvinne	60 år	23.12.2025	2 426	01.07.2026	
